



Finnøy
kommune

Planprogram kommuneplan 2019-2029

Finnøy Kommune
Endeleg godkjend i Kommunestyret
06.09.2017.



INNHALDSFORTEGNELSE

1	Innleiing.....	2
1.1	Generelt	2
2	Behov for planprogram	2
2.1	Organisering og prosess	2
3	Finnøy kommune – generelle utviklingstrekk	3
3.1	Folketalsutvikling.....	3
3.2	Næring og sysselsetting	4
3.3	Tenesteyting	6
3.4	Folkehelse.....	6
4	Rammer og Føresetnader	6
4.1	Vedteke planstrategi.....	6
4.2	Statlege og regionale føresetnader	7
5	Avgrensing og fokusområde.....	9
6	Utredningsprogram.....	11
6.1	Landbruksnæringa og kjerneområde landbruk	11
6.1	Areal i sjø og havbruksnæring.....	12
6.2	Bustadområde.....	13
6.3	Fritidsbustader – Reiselivsbygg som næringsverksemd	14
6.4	Samferdsel.....	14
6.5	Strandsone.....	15
6.6	Næringsutvikling og næringsareal	16
6.7	Kulturminne og naturtypar	16
7	ROS-analyse og beredskap	17
8	Medvirkning i planarbeidet.....	17
9	Framdrift for planarbeidet	18

1 INNLEIING

1.1 Generelt

I tråd med vedteke planstrategi for 2016 – 2019 har Finnøy kommune starta arbeidet med revisjon av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel.

Samfunnsdelen skal etter plan- og bygningsloven vise kommunen sine langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen som heilheit og organisasjon, samt gje grunnlag for dei respektive sektoranes planlegging og verksemd.

Arealdelen skal gje dei viktigaste trekka for arealdisponeringa i kommunen, rammer og vilkår for kva for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk.

Planprogrammet som no blir lagd fram beskriv korleis arbeidet med kommuneplanen skal organiserast, kva for tema me skal arbeide med og utrede, korleis innbyggjarane og næringslivet sine synspunkt skal fremmast og kva framdrift me skal ha i planarbeidet.

Sist revisjon av kommuneplanen blei gjort i 2014 – 2016, med vedtak av samfunnsdelen i oktober 2014 og arealdelen i april 2016. Revisjon av arealdelen var tematisk svært avgrensa, og gjeldande kommuneplankart og føresegner byggjer i stor grad på revisjonen frå 2007.

Det er gjeldande kommuneplan som er utgangspunkt for den kommande rulleringa av kommuneplanen. Det inneber at tema, hovudmål, strategiar og tiltak omskrive i eksisterande plan vil ligge til grunn for revideringa og at gjennom planprosessen vil gjennomføre nokon endringar, men og fastslå kva som fortsatt skal være gjeldande i den nye kommuneplanen.

2 BEHOV FOR PLANPROGRAM

Som nemnt over er planprogrammet verktøyet som gjer føringane for arbeidet med kommuneplanrulleringa. Finnøy kommune ser det derfor som viktig at planprogrammet er presist i forhold til fokusområde, avgrensingar og behov for utredningar. Forhold som ikkje er handsama i planprogrammet skal det normalt ikkje jobbast med som del av arbeidet med kommuneplanen. På denne måten blir kommuneplanarbeidet forutsigbart for administrasjonen, politisk leiing, innbyggjarar og næringsliv.

Det vert difor også viktig at alle dei berørde partane gis høve til å gje sine innspel til planprogrammet, og at denne moglegheita blir nytta.

Krav om planprogram for revisjon av kommuneplan har heimel i Plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutredning etter plan- og bygningslova.

2.1 Organisering og prosess

Forslaget til planprogram er utarbeida av ei administrativ gruppe under leiing av kommunalsjef Plan- og forvaltning.

Me ser føre oss slik prosess for vidare arbeid med planprogrammet:

	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.
Forvaltningsst. 1. gang.	21.03.						
Formannskapet 1.gang	22.03						
Kommunestyret 1. gang.		26.04.					
Høyring og bearbeiding							
Folkemøte/partar							
Forvaltningsst. 2. gang.						22.08.	
Formannskapet 2 gang.						23.08	
Fastsetting i kommunest.							06.09.

3 FINNØY KOMMUNE – GENERELLE UTVIKLINGSTREKK

3.1 Folketalsutvikling

I samfunnsdelen av kommuneplanen for 2014-2026 blei det lagt til grunn at Finnøy kommune skal planlegge for ein folketalsauke tilsvarande SSB sine prognosar for «høg vekst», som har eit årssnitt på 1,75%. I tillegg blei det slått fast at ein skulle ta høgde for at folketalsauken ville stige med 2,0% pr. år frå 2020 og fram mot 2026 - slik at det forventa folketallet i Finnøy i kommuneplanen er berekna til 3800 i 2026.

I følgje SSB sine befolkningstal bur det pr. 01.01.2017 3235 innbyggjarar i Finnøy kommune, om vi ser på tala i framskrivingane som blei lagt fram i juni 2016 kan vi i tabellen nedanfor sjå at kommunen ligg eit godt stykke under «høg vekst» alternativet til SSB som syner eit folketal på 3279 innbyggjarar. I følgje denne framskrivinga ligg kommunen og under 2017-talet i «hovudalternativet» til SSB som er på 3264.


Franskrevet folkesemgje 1. januar, etter region, alder, tid og statistikkvariabel

	2017			2025			2030			2035			2040		
	Hovedalternativet (A/D/A/D)	Lav nasjonal vekst (L/L/L)	Høy nasjonal vekst (H/H/H)	Hovedalternativet (A/D/A/D)	Lav nasjonal vekst (L/L/L)	Høy nasjonal vekst (H/H/H)	Hovedalternativet (A/D/A/D)	Lav nasjonal vekst (L/L/L)	Høy nasjonal vekst (H/H/H)	Hovedalternativet (A/D/A/D)	Lav nasjonal vekst (L/L/L)	Høy nasjonal vekst (H/H/H)	Hovedalternativet (A/D/A/D)	Lav nasjonal vekst (L/L/L)	Høy nasjonal vekst (H/H/H)
1141 Finnøy															
0-5 år	281	275	284	274	232	319	274	230	325	276	230	334	284	235	353
6-15 år	417	417	417	490	466	509	479	425	539	476	408	565	473	399	572
16-66 år	2 087	2 085	2 097	2 236	2 189	2 284	2 366	2 304	2 447	2 488	2 386	2 636	2 599	2 446	2 833
67 år eller eldre	479	476	481	616	601	634	689	665	720	732	686	775	746	692	804
Totalt	3 264	3 253	3 279	3 616	3 488	3 746	3 808	3 624	4 031	3 972	3 710	4 310	4 102	3 772	4 562

Fotnote(r):
Hvert alternativ beskrives ved fire bokstaver i følgende rekkefølge: fruktbarhet, levealder, internasjonal flytting og næravstand. M = middels, L = lav, H = høy, K = konstant og 0 = null.
For befolkningsframskrivingene publisertes blir deimattall avrundet til heltall. Siden en avrundet som ikke nødvendigvis tilsvarer summen av avrundede tall, kan man få litt ulike tall dersom man summerer folketallet på tvers av geografiske nivåer.
Resultater fra tidligere framskrivinger er tilgjengelig på forespørsel.

Figur 1


I tabellen nedanfor kan vi sjå at innbyggartalet har hatt ein jamn stigning frå 2009 og fram til 2015 – med ein topp i 2014. Tal for 2016 syner at folkeveksten no er lågare enn den har vært sidan 2009, noko som kan ha ulike årsakar, ein kan tenke at veksten er i ferd med å stabilisere seg på eit meir varig nivå, i tillegg kan det og være at situasjonen i regionen for øvrig og har verknad på folketallet i Finnøy.



Figur 2

For planperioden kan vi legge til grunn at det fortsatt vil være folkevekst i kommunen, men det er verd å merke seg at denne veksten i hovudsak ser ut til å komme på Finnøy og Talgje, mens dei ikkje landfaste øyane har utfordringar knytt til utflytting og lågare fødselstal. I kommunal planstrategi 2016 – 2019 er tiltak knytta til bulyst særskilt nemnd som tiltak for å motvirke denne utviklinga.

Finnøy kommune har i dag ein gjennomsnittsalder på 39,5 år, og i følge SSB sin framskriving vil gjennomsnittsalderen i 2040 være 42,3 år, dette er noe under framskrivingane for landet i alt som ligger på 42,7 år. I figur 3 kan vi sjå at samansetninga i befolkninga ikkje vil endra seg i særleg grad i løpet av planperioden. Det ein imidlertid kan sjå er at talet på eldre over 80 år vil ha ein signifikant og jamn auke frå 2025 mot 2040 om framskrivinga slår til.



Figur 3: kjelde SSB - Kommuneprofilen

3.2 Næring og sysselsetting

Finnøy kommune har, samanlikna med resten av landet og Rogaland samla hatt ein lågare arbeidsløyse gjennom fleire år. Kommunen ligg fortsatt lågare enn Rogaland forøvrig, men vi kan sjå at endringane knytt til arbeidsmarknaden og oljesektoren i regionen og har konsekvensar for dei seinaste målingane for Finnøy kommune.

I januar 2017 var 47 personar registrert som heilt arbeidsledige i Finnøy kommune, dette utgjør 2,9% av den arbeidsføre befolkninga. Talet for landet samla ligg no på 2,8%, mens talet for Rogaland samla er 4,5. Utdanningsnivået i Finnøy er lågt både i forhold til resten av

landet, og Rogaland samla – i Finnøy har berre 23% av dei sysselsette høgare utdanning, mens dette talet for landet samla er heile 37%. Det låge utdanningsnivået i befolkninga kan få konsekvensar for sysselsettingsandelen, vi veit at personar med lågare utdanning har vanskelegare for å komme tilbake i arbeid enn dei med høgare utdanning.

Bedriftsstruktur etter næring

Bedriftsstruktur. Antall bedrifter etter næringsområde.

	1141 Finnøy							
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Bedrifter i alt	560	560	570	588	582	613	610	611
01-03 Jordbruk, skogbruk, fiske	291	282	282	274	265	271	268	268
05-09 Bergverk og Utvinning	2	2	2	3	3	3	3	3
10-33 Industri	18	18	18	19	21	23	22	21
35-39 Elektrisitet, vann, renovasjon	2	3	3	3	3	4	4	5
41-43 Bygge og anleggsvirksomhet	55	59	65	70	70	74	73	75
45-47 Varehandel, motorvognreparasjon	32	31	29	35	37	41	37	34
49-53 Transport og lagring	22	23	21	22	20	22	24	20
55-56 Overnatting og servering	6	4	4	4	4	5	4	7
58-63 Informasjon og kommunikasjon	5	5	5	5	5	9	7	4
64-66 Finansiering og forsikring	2	3	2	5	2	2	2	1
68-75 Teknisk tenesteyting, eiendomsdrift	51	49	55	63	68	70	76	79
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	11	14	13	17	15	13	16	17
84 Offentlig administrasjon, forsvar	7	6	6	8	8	8	7	7
85 Undervisning	12	11	11	11	12	12	12	11
86-88 Helse og sosialtjenester	32	33	33	33	32	33	32	32
90-99 Personlig tenesteyting	12	17	20	15	16	22	23	26
00 Uoppgitt næring	0	0	1	1	1	1	0	1

Kilde: Statistisk sentralbyrå - SSB <> Bearbeiding: KommuneProfilen

Figur 4

Tabellen ovanfor syner ei fullstendig oversikt over alle bedrifter som er etablert i kommunen. Som vi kan sjå har talet på verksemdar knytt til jordbruksnæringa gått jamt ned sidan 2010, mens talet på verksemdar totalt har auka og ligg no på 611. Det er særleg ei auke innanfor bygg og anlegg, og teknisk tenesteyting og eigedomsdrift. Vi veit at det Finnøy kommune skiller seg ut frå resten av landet på den måten at utpendlinga er svært låg, det vil sei at om lag 73% av dei sysselsette har arbeid i eigen kommune. Vi veit og at næringslivet i Finnøy tradisjonelt har vore rigga slik at ein i stor grad har vore «sjølvforsynt» slik at ein har kunna nytta andre lokale aktørar til å utføre arbeid ein ikkje sjølv har hatt kompetanse til. I tillegg veit vi at mange av verksemdene som er etablert i kommunen hadde sitt utgangspunkt som tilleggsnæring til landbruk, nokon av desse verksemdene har vokst seg ut av denne kategorien, mens andre igjen fortsatt eksisterer i sameksistens med etablerte gardsbruk.

I 2015 var det totalt 1375 sysselsette i Finnøy kommune, av desse arbeida om lag 450 innanfor offentlege verksemdar. Hovudnæringa i kommunen er fortsatt landbruk, sjølv om det har vært ein markant nedgang sidan 2011, mens fiskeri, industri og bygg/anlegg har hatt ein markant auke dei siste åra fram mot 2015. I tabellen nedanfor kan vi sjå ein fullstendig oversikt over sysselsette per næringsområde. Dette er tal som kan ha betydning for korleis kommunen skal innrette arbeidet med næringsutvikling og tilrettelegging av næringsareal i framtida.

Tabell 1. Næringsstruktur. Antall sysselsatte etter næringsområde. 2008-2015

	1141 Finnøy								
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	
I alt	1 371	1 436	1 474	1 462	1 411	1 472	1 472	1 375	
01-03 Jordbruk, skogbruk, fiske	459	463	478	488	413	421	404	382	
05-09 Bergverk og Utvinning	1	2	2	1	1	1	1	1	
10-33 Industri	73	74	82	75	81	85	98	103	
35-39 Elektrisitet, vann, renovasjon	0	0	0	0	0	0	1	0	
41-43 Bygge og anleggsvirksomhet	126	136	148	163	173	188	202	191	
45-47 Varehandel, motorvognreparasjon	88	97	88	75	73	80	97	69	
49-53 Transport og lagring	112	130	125	117	111	114	110	96	
55-56 Overnatting og servering	7	4	3	3	5	5	3	3	
58-63 Informasjon og kommunikasjon	1	4	4	5	4	4	5	6	
64-66 Finansiering og forsikring	7	2	3	1	3	1	4	3	
68-75 Teknisk tenesteyting, eiendomsdrift	32	30	30	35	38	39	39	39	
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	44	45	46	44	19	21	20	14	
84 Offentlig administrasjon, forsvar	47	49	53	46	58	69	62	51	
85 Undervisning	124	132	130	127	122	128	117	103	
86-88 Helse og sosialtjenester	229	243	253	251	276	279	274	264	
90-99 Personlig tenesteyting	14	15	18	22	21	26	26	34	
00 Uoppgitt næring	7	10	11	9	13	11	9	16	

Kilde: Statistisk sentralbyrå <> Bearbeiding: KommuneProfilen

Figur 5

3.3 Tenesteyting

Som vist tidlegare vil talet på innbyggjarar fortsatt auke. Statistikken viser at det er naudsynt å planlegge for ein auke i talet på eldre frå omkring 2022 og framover. I tillegg veit vi gjennom statistikk at talet på unge mellom 0-16 år og vil ha ei jamn auke i planperioden. det er også desse aldersgruppene som er størst forbrukarar av offentlege tenester. Eit effektivt og godt tenestetilbod er avhengig av samarbeid på tvers av tenesteområda. Det finns mykje god kompetanse i kommunen som ikkje vert brukt godt nok på tvers av einingane. Behovet er ikkje alltid fleire stillingar. Komplekse utfordringar krev meir koordinerte og samtidig-gitte tenester, samt samordning på tvers av sektor- og forvaltningsnivå. Dette vert endå viktigare når kommunen er i ein situasjon med økonomiske innsparingar. Det er avgjerande at det blir arbeida særskilt med å utnytta ressursane best mogleg på tvers av tenesteområda og at ein samarbeider om mål og tiltak til beste for innbyggjarane.

Deltaking i overordna planarbeid frå ulike tenesteområde er viktig for å kunna sjå heilskapen og er med på å leggja eit godt grunnlag for samarbeid og samhandling i tenesteytinga.

3.4 Folkehelse

Helsetilstanden i kommunen er generelt god, og på fleire områder betre enn elles i regionen og i landet forøvrig. Oversiktsrapporten over helsetilstanden i Finnøy kommune for 2013-2017 syner at det er nokon utfordringar som må arbeidast vidare med. For den yngre gruppa ligg fokuset på trivsel og mobbing i skulen, mens det for vaksne handlar om hjartehelse, og psykiske lidningar. Det løpande oversiktsarbeidet som blir gjennomført gir oss eit godt bilete av folkehelsa i kommunen, og det er avgjerande at all kommunal planlegging har forholdet til folkehelse som særskilt fokusområde.

4 RAMMER OG FØRESETNADER

4.1 Vedteke planstrategi

Planstrategien vart vedteke 14.12.2016, og gjer slike føringar for kommunen sitt planarbeid i valperioden:

Plantype					
Kommuneplanar (oppstart):	2015	2016	2017	2018	2019
Kommuneplan – arealdel full rullering.			X		
Kommuneplan – samfunnsdel rullering.			X		
Strategiar og temaplanar (oppstart) :	2015	2016	2017	2018	2019
Strategiplan oppvekst 2016 – 2020.		X			
Strategiplan Helse og omsorg 2016 – 2020.		X			
Stadsutviklingsprosjekt for dei ikkje landfaste øyane – strategiplan.			X		
Trafikksikringsplan 2016 – 2025.		X			X
Strategisk næringsplan.	X				
Hovudplan for vatn og avløp.		OK			
Rusmiddelpolitisk handlingsplan – rullering.		X			
Overordna ROS-analyse (beredskap)– oppdatering.			X		
Overordna beredskapsplan – rullering.			X		
Folkehelseprofil.		X	X		

Kulturminneplan.			X		
Andre planar:	2015	2016	2017	2018	2019
Handlingsplan for tilsyn og ulovleghetskontroll.		X			
Handlingsplan for skulevegar.		X			

X =Tidspunkt for oppstart, OK = tidspunkt for ferdigstillelse/vedtak.

Oversikt over planar som skal sanerast/inngå i andre planar:

Følgjande planer inngår i arealdelen til kommuneplanen:	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging, oversikt og plan for forvaltninga av sjøareala i kommunen. • Naturtypekartlegging, viltkartlegging og oversikt over bruk av areal inngår som grunnlagsmateriale for arealdelen til kommuneplanen • Kartlegging og verdisetting av grøntområda og friluftsområda i kommunen.
Følgjande planer inngår som del av samfunnsdelen til kommuneplanen:	<ul style="list-style-type: none"> • Strategi for medverknad og universell utforming. • Strategi for samhandling mellom frivillig sektor og kommunen. • Handlingsplan klima og energi.

Som ein ser er det gitt forventning om at arbeidet med kommuneplanen startar i 2017. I samband med denne rulleringa skal ein og gjere eit arbeid innanfor særskilte temaområder. Om ein ser på strategiar som gjeld medverknad og universell utforming, og samhandling med frivillig sektor vil dette arbeidet blir handtert som ein del av arbeidet med samfunnsplanen. Det same gjeld kartleggingane knytt til arealplanen.

Når det gjeld frivillig sektor og medverknad vil ein i samband med planarbeidet organisere breie arenaer for deltaking og innspel til dei ulike områda i planarbeidet.

4.2 Statlege og regionale føresetnader

4.2.1 Statlege forventningar og lovgrunnlag

Staten v/Regjering og Storting gir gjennom lovverk, føresegner og forventningsdokument ei rekke føringar for regional og kommunal planlegging.

I det statlege forventningsdokumentet som blei lagd fram i 2015 var det særleg omsyn til klima og miljø som blei løfta fram som viktige fokusområder for all kommunal planlegging. Nasjonale forplikingar knytt til klimaavtalen er konkretisert og presisert som ansvarsområde og i kommunal planlegging. I tillegg har regjeringa lagd vekt på at dei ønskjer at planprosessane skal gå raskare, og bære med seg eit tettare samarbeid med dei ulike interessegruppene. I forventningsdokumentet er det lagd vekt på at gode og oppdaterte kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn for all planlegging. God planlegging bidrar til reduserte klimagassutslepp, energiomlegging og - effektivisering. Staten forventar at kommunene legg til rette for riktig lokalisering av næringsvirksomhet, boliger, infrastruktur og tjenester og på denne måten bidrar til å få ned klimagassutslippene fra transportsektoren. I tillegg må langsiktig kommunal planlegging ta høyde for klimaendringer.

Regjeringa er oppteken av eit godt samarbeid med fylkeskommunane og kommunane om å få ned klimagassutsleppa og å skape velfungerande byar og tettstader for næringsliv og innbyggjarar. God planlegging er avgjerande for å sikre effektiv arealbruk, eit miljøvennleg transportsystem, nok bustadbygging, sunne og trygge omgivnader og gode levekår for alle.

I November 2016 ble det inngått ein historisk, global avtale i Paris om klimautvikling og tilpassing. Viktig delmål der var at det ikkje skal bli meir enn 2 grader varmere i snitt på kloden i dette hundreåret, helst ikkje meir enn 1,5. Alle land har forplikta seg på å jobba for dette, og avtalen vil få praktiske følgjer også for kommuneplanarbeidet i Finnøy.

4.2.2 Forholdet til regional planlegging

Regionale planar er eit politisk rammeverk som legg føringar blant anna for areal- og transportforvaltninga i regionen. Planane skal gi retning og er gjensidig forpliktande for kommunal, regional og statleg planlegging. Regionalt planforum er oppretta for å sikre samarbeid og tidleg dialog om arbeidet med kommunale planar. I regionalt planforum er både regionale og statlege myndigheiter representert, og kommunane kan melde inn planar til drøfting i forumet. På denne måten skal ein søke å redusere talet på motsegner, luke bort konflikhtar på eit tidleg tidspunkt, og få naudsynte avklaringar for det vidare planarbeidet.

Regionale planer kan innehalde retningslinjer, eller regionale planføresegner, dette er to ulike former for konkrete føringar.

- Retningslinjer i regionale planar er ”regionale spelereglar” for å oppnå dei felles måla for utvikling i regionen. Retningslinjene er forankra i plan- og bygningslova og kan gi grunnlag for regionale og statlege etatar til å fremma motsegn dersom nye planforslag er i strid med disse.
- Regionale planføresegner gjeld føre godkjente kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Dette inneber at tiltak/planar som er i strid med regional planføresegn er ulovleg. Samtykke til å fråvika frå regional planføresegn kan bli gitt av fylkeskommunen, etter samråd med fylkesmannen og dei aktuelle kommunane.

Rogaland fylkeskommune har utarbeida i rekke ulike regionale planar, for Finnøy kommune er det i denne samanhengen areal og transport plan for Ryfylke (ATP – Ryfylke) som er den viktigaste, sjølv om og dei andre planane vil bli tatt inn som føringar i det kommande kommuneplanarbeidet.

Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke blei vedteke i desember 2016, og skal leggja til rette for vekst og utvikling, og hjelpa til at Ryfylke er ein god stad å bu, arbeida, driva næring og å reisa i. Fylkeskommunen har i dette planarbeidet lagt vekt på å leggje til rette for utvikling og bulyst. Tiltaka i planen skal bygga opp om dei eksisterande tettstadsentera og funksjonane og motverka utfordringar som auka mobilitet, netthandel og sentralisering kan gi. Ved å bygga tettstadene innanfrå og ut, og ved at handel og funksjonar med mange besøkande eller arbeidsplassar blir plassert i sentrum, kan grunnlaget for attraktive etableringar, servicetilbod og møteplassar bli styrka. Landbruket er viktigare som næring i Ryfylke enn i andre delar av fylket, og er avgjerande for busettinga, i planen blir det lagt opp til at kommunane skal trekka grenser mellom landbruksområde og anna arealbruk for å gje auka trygghet for investeringar og drift.

Finnøy kommune er i forlenginga av arbeidet med ATP – Ryfylke invitert til å delta i fylkeskommunen sitt tettstadsutviklingsprosjekt. I samband med dette har kommunen utarbeide ein prosjektskisse der ein legg opp til å gjennomføre eit arbeid med å vitalisere og

utvikle Judaberg sentrum, med fokus på utvida og aktiv medverknad frå aktuelle aktørar og interessentar. Vi har tenkt at dette prosjektet kan gå parallelt med kommuneplanarbeidet og henge saman med både areal og samfunnsdelen.

Som tillegg til planen ligg eit vedlegg som omhandlar Øyfast, og to andre store vegprosjekt. Øyfast er eit stort prosjekt, som me ønskjer å arbeide for å realisere på lang sikt og dette vil derfor bli løfta fram som utredningstema i dette kommuneplanarbeidet.

4.2.3 Forhold til kommunereforma

Finnøy kommune blir frå 1. januar 2020 slått saman med Stavanger og Rennesøy. Det er semje mellom dei tre kommunane at den føreståande rullering/revisjon av dei respektive kommuneplanane skal gjerast med grunnlag i dagens kommunestruktur. Det er allereie etablert eit administrativt samarbeid mellom dei tre kommunane når det gjeld arbeidet med kommuneplanrulleringa. Dette er viktig fordi kommuneplanane som no blir rullert kvar for seg, saman vil utgjere den nye kommunen sitt overordna styringsverktøy fram til ny og heilskapleg rullering blir gjennomført og vedteke.

I samband med rullering av kommuneplanane vil ein openbart avdekke områder som er felles for dei tre kommunane, dette kan blant anna være knytt til føresegnar i arealplan, eller mål, visjonar og tiltak i samfunnsplanen som omhandlar folkehelse, bukvalitet, klima og miljø. Samstundes veit vi at det i kvar av kommunane er forhold som er særskilte og som skal og bør ha særskilt behandling, det kan mellom anna være forhold knytt til landbruk, fritidsbustader, strandsoner og næringsareal. Dette er forhold som vil bli avdekkja i løpet av prosessen, og som det vil være naudsynt å komme nærmare tilbake til mellom anna gjennom medvirkningsarbeidet i kvar enkelt kommune.

Finnøy kommune ønskjer at arbeidet med kommuneplanen denne gongen tek sikte på å gjere grundige utredningar på dei områda der det er knytt særskilte forhold og som er av særskilt interesse for våre innbyggjarar og næringsliv. Samstundes er det ein fordel at arbeidet med rullering av kommuneplanane pågår parallelt i dei tre kommunane, dette inneber at kompetanse og ressursar kan delast, slik at det samla resultatet gir eit godt styringsgrunnlag for den nye kommunen.

Rennesøy kommune har sendt sitt planprogram på høyring i desember 2016. Stavanger kommune arbeidar med høyringsutkast.

5 AVGRENSING OG FOKUSOMRÅDE

I arbeidet med rulleringa av kommuneplanen vil vi ta utgangspunkt i gjeldande kommuneplan, altså samfunnsdelen frå 2014, og arealdelen frå 2016. Denne gongen vil vi for å ivareta heilskapen rullere samfunnsdelen og arealdelen parallelt. Dette betyr ikkje at det arbeidet som er gjort tidlegare ikkje skal takast med vidare, men vi vil forsøke å friske opp og tydeleggjere særskilte områder som vi har erfart har vore utfordrande i noverande planar, eller der forutsetningane er endra.

Når det gjeld samfunnsdelen gjeld dette særleg forhold knytt til klima og miljøtilpassing og eit meir bevisst forhold til beredskapsansvaret til kommunen. I tillegg har vi behov for å sjå nærmare på forholdet mellom folkehelse, og resultatet frå kartlegging og analysar knytt til framtidige tenestebehov.

Hovudmål for planperioden 2014-26 var :

Finnøy skal oppretthalde busettingsmønsteret og fremje bulyst, livskvalitet og lokal utviklingskraft i alle delar av kommunen.

Dette hovudmålet er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med kommuneplanen. Sjølv om forutsetningane knytt til vekst og busetting har endra seg noe, og kommunen om få år skal bli ein del av noko større er det fortsatt avgjerande at busettinga på øyane sikrast gjennom gode planar som legg til rette for livskvalitet, bulyst og attraktivitet. Vi veit og at busetting er avhengig av fleire forhold, som tilgang på arbeid, gode oppvekstvilkår og møteplassar, og god infrastruktur. Dette er område som vil ha særskilt fokus i dette planarbeidet, både gjennom dei einskilde utredningsområda, men og gjennom medvirkningsprosessane som skal gjennomførast.

Når det gjeld arealdelen i kommuneplanen vil arbeidet med dette vere meir omfattande, fordi det i førre periode berre blei gjennomført ein begrensa revisjon. På grunn av endra forutsetningar og behov knytt til arealforvaltninga generelt, og erfaringar basert på arbeid knytt til føresegnene i planen spesielt er det naudsynt å gjennomføre ein full gjennomgang. I tillegg har det sidan arealplanen blei vedteke i 2007 kommet relativt omfattande endringar knytt til bruk av arealføremål i plankarta.

For å avgrense arbeidet ligg dei einskilde fokusområda som vil få ein grundigare utredning omtala i kapittel 6. I tillegg vil vi og i samband med høyring og medverknadsprosessane som skal gjennomførast forsøke å spesifikt be om innspel som er knytt til desse områda.

I samband med vedtak i kommunereformprosessen og resultatet frå folkerøystinga på Ombo, er det no vedteke at heile Ombo skal vere ein del av Nye Stavanger. Det er derfor naturleg at heile Ombo blir tatt med i denne rulleringa av kommuneplanen til Finnøy kommune.

6 UTREDNINGSPROGRAM

6.1 Landbruksnæringa og kjerneområde landbruk

Omtale	
<p>Finnøy kommune er ein landbrukskommune med lange tradisjonar. I 2017 er det av 611 etablerte verksemder, 249 verksemder knytt til landbruk i kommunen. Dette talet har vore synkande dei siste åra, i 2009 var det registrert 278 verksemder. Dette kan handle om fleire ulike forhold, omlegging i veksthusnæringa spesielt, og landbruket generelt. I tillegg veit vi at nedbygging av landbruksareal, sterkare grad av oppdeling av landbruksområde og mindre fokus på å bevare samanhengande landbruksareal kan være andre faktorar.</p> <p>I samband med arbeidet med arealplanen som blei vedteke i 2016 blei kjerneområde landbruk tatt ut av plankartet for dei ikkje landfaste øyane. Når vi no skal i gang med ein full gjennomgang er det naturleg at dette og blir eit tema som må vurderast for resten av kommunen.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none">• Gjennomføre ein kartlegging av dei områda som i dag er merka som kjerneområde landbruk.• Kva kriteria og faktorar skal leggst til grunn for at områder blir avmerkt som kjerneområde?• Ønskjer ein å oppretthalde kjerneområde landbruk på Finnøy og Talgje, viss ikkje - korleis kan ein då sikre at verdifullt landbruksareal ikkje blir avsett til andre føremål• Gjennomgå og revidere dei retningslinjer og føresegner som er knytta til LNF-områda.	<p>I samband med arbeidet med samfunnsdelen vil vi blant anna gjennomføre drøftingar og vurderingar knytt til følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva skal til for at veksthusnæringa kan få utvikle seg i takt med skiftande trender og politiske føringar for matvareproduksjon?• Kva med forholdet mellom veksthusnæringa og annan gardsdrift, er det motsetningar her, eller særskilte forhold som takast omsyn til?• Kan ein sjå for seg at det vert sett ei meir overordna og langsiktig grense mot LNF-områda i kommunen i tråd med statlege forventningar? Viss ja – korleis skape allmenn aksept og respekt for ei slik grense?

6.1 Areal i sjø og havbruksnæring

Omtale	
<p>Havbruksnæringa har fått eit auka fokus dei siste åra, som følgje av meir tydelege nasjonale forventningar om vekst og berekraft i næringa, og som følgje av omstillinga som skjer i oljesektoren. Det er i Rogaland utarbeida ein regional plan for sjøareal som legg opp til utvikling i næringa, og ein meir kunnskapsbasert forvaltning av sjøareala. For Finnøy kommune er dette særleg aktuelt, me har allereie mange lokalitetar, men har behov for å utvikle ein aktiv politikk på området for å sikre utvikling og berekraft. Det er pr. 2017 etablert 17 verksemder og i 2015 arbeida 87 sysselsette i næringa. I regionalplan for sjøareal blir kommunar med felles sjøareal oppmoda til å avklare og vurdere om dei skal samarbeide om arealplanlegging i sjøen. Finnøy kommune grenser mot fleire kommunar i sjø, og når det gjeld etablering av lokalitetar har vi ved fleire anledningar erfart at verksemder ønskjer å etablere seg på tvers av kommunegrensene – då særleg mot Hjelmeland. I tillegg veit vi at verksemdene som opererer i Finnøy og i stor grad også er etablert i nabokommunane.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen vil ta initiativ til eit samarbeid med dei omkringliggande kommunane, saman med næringsaktørane, og andre interessegrupper for å få fram gode data på kor lokalitetane fins i dag, og kva for behov ein vil ha i framtida. • Ta i bruk ny kunnskap og kartdata frå tematkartportalen for å få til ein meir heilskapleg og berekraftig arealplanlegging. • Det er i dag nokon einskildområder og fleire fleirbruksområder som er avsett i kart, korleis skal områder for akvanæringa merkast i kommuneplankartet? • Kartlegge kva for andre interesser som har behov for avklaringar knytt til sjøareala. 	<p>I samband med arbeidet med samfunnsdelen vil vi blant anna gjennomføre drøftingar og vurderingar knytt til følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis vil friluftsliv, fiskeri, og anna allmenn ferdsel bli påverka dersom ein legg til rette for å sette av meir areal til akvakulturnæringa? • Kva for krav kan og bør ein stille til næringa dersom dei skal få etablere seg i kommunen? • Korleis kan ein tenkje at midlane frå havbruksfondet kan nyttast i kommunen?

6.2 Bustadområde

Omtale	
<p>Det er avgjerande å legge til rette for og oppretthalde busettinga på alle dei busette øyane i kommunen, det er der folk bur at kultur, identitet og aktivitet blir skapt. Derfor har ein i Finnøy kommune over fleire år arbeida med ulike strategiar for å legge til rette for å styrke busettinga, og fram til no har det vore ein jamn vekst. Det er imidlertid forhold som tyder på at denne utviklinga er i ferd med å snu, noko som gjer at vi må sjå nærmare på korleis vi kan nå målet om å oppretthalde busettingsmønsteret. I samband med revisjon av arealplanen i 2016 blei det lagd opp til at ein på dei ikkje landfaste øyane kunne bygge i LNF-områder på dispensasjon dersom gitte kriteria var oppfylt. Samstundes har ein i heile kommunen avsett ein rekke områder til bustadfelt, fleire av desse er ikkje realisert og vil kanskje aldri bli det.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none">• Vurdere behov for bustadområde, etablering av nye områder, evt. om det er områder avsett til bustad i dagens plankart som kan tilbakeførast.• Kartlegge og gjennomgå føresegner til arealplanen når det gjeld bustadbygging.• Kva for føresegner skal ein ha, kva for bustader er det behov for, kor tett skal ein bygge, i kor stor grad skal vi krevje differensiering av bustader innanfor et felt?• Judaberg er kommunesenter, korleis skal vi legge opp til busetting som styrkar kommunesenteret?• Vurdera fortetting av store bustadeigedomar i dei delane av kommunen der ein har busettingsutfordringar.	<p>I samband med arbeidet med samfunnsdelen vil vi blant anna gjennomføre drøftingar og vurderingar knytt til følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva gjer Finnøy til ein attraktiv kommune å bu i?• Kva er bulyst på Judaberg, kontra bulyst på Flesjå eller Kyrkjøy?• Dersom ein ikkje skal kunne bygge nært gardstun, kva då med naboskap for dei som bur på gardane?• Kor i kommunen har med gode møteplassar som fremjar bulyst?

6.3 Fritidsbustader – Reiselivsanelegg som næringsverksemd

Omtale	
<p>I 2017 er det registrert 879 private fritidsbustader i kommunen, i tillegg kjem utleigehytter, og reiselivsanelegg. Flesteparten av fritidsbustadene i kommunen er eigd av innbyggjarar i omkringliggande kommunar, som nyttar dei vakre landskapa våre til rekreasjon og friluftsliv. Det er enda ledige tomter i eksisterande hyttefelt, og vi ser no at stadig fleire ønskjer å dele i frå det som opprinneleg var bygd som gardshytter. I tillegg har det dei siste åra har det kommet stadig fleire signaler om at politikken knytta til drift og etablering av reiselivsanelegg er krevjande for mange grunneigarar, og ønsket om å kunne selje hyttene på det opne marknaden er stort.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none"> • Gjere ein gjennomgang av eksisterande hyttefelt i kommunen, og evt. sjå på moglegheiter for fortetting i eksisterande felt. • Kartlegge/vurdere reiselivsanelegga. Få oversikt over områder avsett i plankart, i kor stor grad er desse ferdig utvikla, og kva skal til for å realisere desse? • Gjennomgå føresegner knytt til areal og estetikk for fritidsbustader/utleigehytter som ligg utanfor regulerte felt. 	<p>I samband med arbeidet med samfunnsdelen vil vi blant anna gjennomføre drøftingar og vurderingar knytt til følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • For kommunen er hyttefolket eit positivt tilskot, det gir lys i husa, og liv på øyane. Samstundes er det naudsynt å ha eit bevisst forhold til korleis vi legg til rette for dette, dette gjeld både arealbruk, estetikk og omsyn til allmenn ferdsel og interesse.

6.4 Samferdsel

Omtale	
<p>Når det gjeld samferdsel har Finnøy kommune store utfordringar knytt til trafikkauke som følgje av fastlandsforbindelsen i 2009, og aukinga i folketalet. Dette er forhold som er kommuniser tydeleg til statens vegvesen og fylkeskommunen sin samferdselsavdeling gjennom innspel til handlingsplan for fylkesveggar, ATP-Ryfylke, og trafikksikringsplanen.</p> <p>Det er no starta eit arbeid med å regulere gang og sykkelveg frå Judaberg til Reilstad, men behov for ytterlegare reguleringar av gang og sykkelveg er omfattande.</p> <p>Å sørge for fleire av øyane blir landfaste er ein viktig jobb for kommunen, og for kommuneplanarbeidet er det viktig å få Øyfast-prosjektet lagt inn i plankart, og klargjort for vidare regulering.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none"> • Kommuneplanen er eit overordna dokument, det er derfor avgjerande at framtidige store vegprosjekt blir synleggjort i plankart • Trasé for Øyfast-prosjektet skal takast med i plankartet, vurdere korleis prosjektet kan klargjerast for vidare regulering. • Vurdere behov for gang og sykkelveg på dei strekningane i kommunen som er å oppfatte som hovudferdselsårer og skuleveggar. 	

6.5 Strandsone

Omtale	
<p>Finnøy kommune har naturleg nok ein omfattande strandsone, på fleire av øyane er det vanskeleg å tenkje seg at ein skal kunne legge til rette for utvikling samstundes som ein skal ivareta 100 – meters sona som inngrepsfritt område. Samstundes er det statlege og regionale føringane for strandsone blitt ytterlegare skjerpa dei seinare åra, og fokus på allmenn ferdsel og tilgang til strandsona har blitt styrka. I Finnøy er dette openbart eit dilemma, vi ønsker å sikre allmenn ferdsel og rekreasjonsmogelegheiter i strandsona, samstundes som vi klart ser at delar av strandsona må nyttast til sjøbasert næring, bustad, handel og annan aktivitet. Det er avgjerande for kommunen at vi finn fram til ein forvaltning av strandsona som kombinerer desse behov, på ein måte som og kan få tilslutning hos overordna myndigheiter.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge strandsona i kommunen for å finne fram til områder som i dag er inngrepsfrie og som for framtida bør sikrast som rekreasjonsområde.• For dei delane av strandsona som allereie er bebyggt, vurdere i kva grad desse områda kan vidareutviklast, samstundes som allmenn ferdsel kan ivaretas.• Sette opp kriteria for kva som i Finnøy kan definerast som «funksjonell strandsone» nytte verktøy som ble påbegynt utarbeida i samband med revisjon av vedteken arealplan.• Kartlegge behov for gjestehamner og småbåthamner i tilknytning til hytte og bustadfelt.• Naust og synlege spor av bebyggelse skal kartleggast.	<p>I samband med arbeidet med samfunnsdelen vil vi blant anna gjennomføre drøftingar og vurderingar knytt til følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva for områder bør merkast som viktige områder for befolkninga?• Korleis nyttar befolkninga strandsona, og korleis kan kommunen legge til rette for slik bruk?• Kartlegge behov for universell tilrettelegging.

6.6 Næringsutvikling og næringsareal

Omtale	
<p>Finnøy kommune har eit mangfaldig næringsliv, hovudvekta ligg på jordbruk, og fiskeri, men og andre næringar er etablert i kommunen. Kommunen har hatt utfordringar med å ha tilstrekkeleg og hensiktsmessig næringsareal tilgjengeleg, I tillegg har mange av verksemdene i kommunen sitt utgangspunkt som tilleggsnæring til gardsbruk. Nokon av desse verksemdene har vokst seg ut av garden, eller har fortrent gardsdrifta til fordel for tilleggsnæringa. For dei fleste er ikkje dette ei utfordring, men i nokon tilfelle skapar det større problem både for naboar, infrastruktur og gardsdrift. Når det gjeld næringsareal generelt er det avgjerande at det arealet som vert avsett står i forhold til behov, har eit tidsperspektiv og seier noko om kva type næring som kan etablerast på dei ulike områda.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge behov for næringsareal i kommunen, kva type areal, omfang, og kva type næring? • Kartlegge verksemdar som i dag er etablert på gardsbruk/LNF-områder for vurdere korleis ein kan sikre vidare drift, ved eksempelvis føremålsendring, flytting, midlertidige dispensasjonar. • Implementere kategorisering av næringsareal slik at både verksemdene og omkringliggende interesser får forutsigbare forhold. 	<p>I samband med arbeidet med samfunnsdelen vil vi blant anna gjennomføre drøftingar og vurderingar knytt til følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere samfunnsomsyn og behov for arbeidsplassar opp mot landbruk, busetting, og andre forhold. • Korleis kan næringsareal plasserast utifrå kategori som seier noko om støv, støv, lukt, estetikk, etc.?

6.7 Kulturminne og naturtypar

Omtale	
<p>I samband med arbeidet med revisjonen av arealdelen i 2016 blei det klart at kommunen har behov for å kartlegge kulturminna og legge desse inn i plankart. I tillegg er det naudsynt å gjennomføre eit arbeid med sefrakregistrering av bygningar i kommunen. Kommunen har i nokon grad gjennomført eit kartleggingsarbeid på ulike naturtypar, dette er ikkje fullført og i samband med planarbeid skal og dette søkast lagd inn i kommuneplanens datagrunnlag.</p>	
Utredningsbehov	
Arealdel	Samfunnsdel
<ul style="list-style-type: none"> • Sikre at registrerte kulturminne og sefrakregistreringar blir implementert i kartdata. • Vurdere behov/moglegheit for å gjennomføre eit meir utvida kartleggingsarbeid for å ein betre oversikt. 	<p>Vurdere korleis kulturminne og ulike naturtypar kan merkast for publikum og bidra til opplevingar og læring.</p>

I tillegg vedtok kommunestyret i Finnøy i sitt møte 26.04 at ein i kommuneplan arbeidet og skulle gjere eit ekstra utredningsarbeid for friluftsliv.

7 ROS-ANALYSE OG BEREDSKAP

Kommunane har ei viktig rolle i høve til beredskap, jfr. lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Ein overordna tanke om samfunnstryggleik skal liggja til grunn for heile den kommunal verksemda, ikkje minst planarbeidet.

I tråd med Plan- og bygningslova vil det bli gjennomført ein overordna ROS-analyse som del av kommuneplanarbeidet.

Overordna beredskapsplan skal også rullerast i løpet av valperioden, men ikkje som del av planarbeidet.

Den overordna ROS-analyse skal ligge til grunn for all kommunal planlegging, og planar etter plan – og bygningslova.

8 MEDVIRKNING I PLANARBEIDET

For at kommuneplanen skal ha legitimitet og fungere som styringsverktøy er det avgjerande at den er godt forankra, både blant innbyggjarane, næringsaktørane, dei ulike laga og organisasjonane og hos den administrative og folkevalde leiinga i kommunen.

Avdeling for plan og forvaltning har hovudansvaret for gjennomføring av planprosessen og utarbeiding av planforslag. Dei øvrige tenesteområda bistår planarbeidet innafør sine spesifikke fagområde. Rådmannen sin stab er referansegruppe.

Forvaltningsstyret er styringsgruppe for planarbeidet. Dette inneber at administrasjonen vil oppdatere og informere forvaltningsstyret om gangen i arbeidet gjennom hele planprosessen.

Det er vidare ein forventning om at politisk leiing deltek på dei arenaer for deltaking som vert organisert. Dette er viktig både for å høyre innspel når dei kjem direkte, men og for å bli kjend med planprosessen og dei ulike fasane i arbeidet.

Tabellen under syner aktuelle medvirkningsaktørar og areaner:

Tema	Aktørar	Arena	Ansvar
Bulyst, oppvekst, levekår og folkehelse	Barn og unge Grendelaga Eldrerådet Ungdomsråd og FUN	Skule/barnehage Dialogmøtet/bibliotek Samtale/innspelegrunder	Oppvekstavdelinga Avdeling plan og forvaltning Avdeling helse og omsorg
Næringsareal/landbruk	Næringsforening Bondelaget Folkemøter	Frukostmøte Frukostmøte Dialogmøtet/bibliotek	Avdeling plan og forvaltning
Natur, kultur og friluftsliv	Turistforening Friluftsråd Idrettslag Grendalag	Dialogmøtet/bibliotek	Avdeling plan og forvaltning
Fiskeri og havbruk, sjøareal	Næringsaktørar Grendalag Omkringliggende kommunar	Formelle samarbeid Dialogmøtet/innspele Formelle samarbeid	Avdeling plan og forvaltning

Reiseliv, strandsone, fritidsbustader	Reiselivsaktørane Grunneigarar næringsforeninga	Frukostmøte Dialogmøtet/innspel	Avdeling plan og forvaltning
---------------------------------------	---	------------------------------------	------------------------------

I tillegg til dei meir områdespesifikke medvirkningsarenaene vil det blir arrangert to til tre meir overordna folkemøta der publikum kan komme med innspel til heile planarbeidet.

I tillegg vil grunneigarar/lokalmiljø som blir særskilt ramma av endringar bli invitert til dialog og innspel.

Vi vil og i samband med planprosessen nytte kommunen sine heimesider, lokale medier, og andre informasjonskanalar for å få innspel og gi informasjon om status i det pågåande planarbeidet.

9 FRAMDRIFT FOR PLANARBEIDET

2017:

SOMMAR	HAUST
<ul style="list-style-type: none"> • OPPSTART KARTLEGGINGAR. • DIALOGMØTER MED AKTØRAR I HØVE TIL UTVALDE TEMA. 	

2018:

VINTER	VÅR	SOMMAR	HAUST
	<ul style="list-style-type: none"> • ARBEID MED NYTT PLANFORSLAG. • DIALOG MED FORVALTNINGS-STYRET OG FORMANNSKAP. 		
<ul style="list-style-type: none"> • KARTLEGGINGAR HELD FRAM. • GJENNOMGANG AV EKSISTERANDE PLAN. • MEDVIRKNINGS-VERKSTADER PÅ SKULAR OG BARNEHAGAR. 	<ul style="list-style-type: none"> • MEDVIRKNINGSMØTER OG FOLKEMØTER. • UNDERVEGSMØTE MED REGIONALT PLANFORUM. 		<ul style="list-style-type: none"> • FERDIGSTILLE ALLE KARTLEGGINGAR. • GJENNOMFØRE DIALOGMØTER MED UTVALDE AKTØRAR FOR SISTE INNSPEL.

2019:

VINTER	VÅR	SOMMAR	HAUST
<ul style="list-style-type: none"> • ARBEID MED NYTT PLANFORSLAG. • 1.GONGS POLITISK HANDSAMING. 	<ul style="list-style-type: none"> • OFFENTLEG ETTERSYN • FOLKEMØTER OG DIALOGMØTER MED AKTUELLE AKTØRAR. • MØTE MED REGIONALT PLANFORUM. • ENDRINGAR ETTER OFFENTLEG ETTERSYN. 	<ul style="list-style-type: none"> • ENDRINGAR ETTER OFFENTLEG ETTERSYN. 	<ul style="list-style-type: none"> • ENDELEG VEDTAK.